

IDRETTSRÅDET I OSTERØY

5286 HAUS

REFERAT ÅRSMØTE 2002

Til: Deltakarane
Kopi: Idrettslaga
Hordaland Idrettskrets

Dato/tid/sted: **20.03.02. kl 20.00 i Klubbhuset til Osterøy IL**

Desse møtte:
Frå syret i IRO: Randi Kleppe, Yngvar Mjelde, Bjørn Kato Melchersen,
Geir Arne Mosevoll, Liv M. Stenvold.

Meldt forfall: Ragnhild Hanstvedt, Bjarne Langhelle.

Møtte ikkje: Tor Erik Lund,
Komm.repr.: Øyvind Litland
Hordaland idrettskrets: Håkon Matre
Hjellvik IL: Ivar Ole Hjellvik
Torbjørn Vedå

Osterøy Klatreklubb: Svein Idar Dale
Osterøy IL: Tore J. Langeland
Andreas Mjelstad
Sonja Solberg
Norunn Rosnes
Bernt J. Flæsland

Valesrand/Hjellvik FK: Steinar Hauge
Fotlandsvåg IL: Rune Hanstvedt
Osterøy Skyttarlag: 3 representantar - forlot årsmøtet kl 20.10
Valnemnda: Kristin Thue Øvsthus
15 stemmeberettige på årsmøtet.

Sakliste:

Sak 1 Godkjenning av innkalling og sakliste
Sak 2 Val av dirigent og sekretær for møtet
Sak 3 Godkjenning av frammøtte representantar
Sak 4 Årsmelding
Sak 5 Rekneskap
Sak 6 Innkomne forslag til årsmøte
Sak 7 Val

Leiar Yngvar Mjelde ønska velkommen og takka for frammøte.

Men før sjølve møtet starta kom det spørsmål frå dei 3 representantane frå Osterøy Skyttarlag om kvifor ikkje deira lag var inviterte til årsmøtet ?
 Leiar Yngve kunne da informera om at han diverre måtte stryka Osterøy Sportsskyttarlag frå lista over medlemslag i IRO. Ved henvendelse til Hordaland Idrettskrets om oppjustering av medlemslag hadde han fått melding om at Osterøy Sportsskyttarlag ikkje står som medlem av NIF.
 Håkon Matre, HIK, bekrefta utsagnet til Yngvar, og sa at eit lag må være medlem i NIF for å være ordinær medlem av Idrettsrådet i Osterøy.
 Skyttarlagsrepresentantane konkluderte med at det ikkje hadde nokon betydning for dei å delta på årsmøtet. Yngvar sa at dei ikkje ville ha stemmerett.
 Dei 3 representantane gjekk.

Sak 1 Godkjenning av innkalling og sakliste
 Ingen merknad.

Sak 2 Val av dirigent og sekretær for møtet
 Yngvar Mjelde valgt til dirigent, Liv M. Stenvold valgt som sekretær.

Sak 3 Godkjenning av frammøtte representantar.
 Frammøtte 15 godkjente representantar.

Sak 4 Årsmelding.
 Yngvar las årsmeldinga.
 Retting: ang. fordeling av kulturmidlar til idrettsskulane:
 Valestrand Idrettsskule (samarbeid mellom OIL / Valestrand Hjellvik FK),
 Haus Idrettsskule.

Sak 5 Rekneskap.
 Samrøystes vedteken.

Sak 6 Innkomne forslag til årsmøte.
 Her var ingen innkomne forslag.

Sak 7 Val
 Ordet vart gitt til valnemnda v/ Kristin Thue Øvsthus.
Framlegg til nye kandidatar:

Styremedlem	Randi Kleppe	attval
” ”	Kristin Thue Øvsthus	ny
” ”	Liv Marie Stenvold	”
Varamedlem	Rune Hanstvedt	”
” ”	Atle Garmannslund	”
Valnemnd	Bernt Johan Flæsland (leiar)	ny
	Geir Arne Mosevoll	”

Framlegget vart samrøystes vedteke.

Etter valet er styret slik samansatt:

Bjørn Kato Melchersen	på val	år	2003
Ragnhild Hanstvedt	”	”	”
Bjarne Langhelle	”	”	”
Randi Kleppe	”	”	2004
Kristin Thue Øvsthus	”	”	”
Liv Marie Stenvold	”	”	”
Rune Hanstvedt	”	”	2003
Atle Garmannslund	”	”	”

Valnemnda:

Bernt Johan Flæsland	på val	år	2004
Geir Arne Mosevoll	”	”	”
Torill Hongve Helle	”	”	2003

Ein har fått eit fulltallig styre, – men det var uråd å finne ein villig leiar.

Liv M. Stenvold fekk i oppdrag å kalla inn til det første møtet snarast, slik at ein får kontituert det nye styret.

Møtet slutt kl . 21.15

Orientering etter årsmøte.

Etter at årsmøtesakene var ferdig handsama, orienterte den avtroppande leiar Yngvar Mjelde om kva Idrettsrådet i Osterøy har som oppgåver og kva dei vil arbeide med .

Øyvind Litland viste ein oversikt over midlar som har vore delt ut gjennom Idrettsrådet dei seinare åra. M.a. viser det at tildeling er fordelt ut til alle kanter av øyne – rent geografisk – det er ikkje berre Lonevåg/Hatland som har fått midlar til anlegg.

Håkon Matre, HIK, snakka om korleis dei nå vil prioritera informasjon ut til kommunane. Eit døme på det er ”Idrettens time” som dei har i kommunestyremøter rundt om. Her vert det vist til omfanget av det frivillige arbeidet gjennom idretten, idretten sin visjon og verdigrunnlag.


Liv Marie Stenvold
skrivar